



Kristiansand 5.12. 2016

## Om storbyprosjektet UKM

Forstår frustrasjonen og spørsmåla de stiller til oss i storbyprosjektet. Og eg beklagar dårleg kommunikasjon og informasjon. Det er ingen grunn til å bortforklare eller gå i forsvar i forhold til problemstillingane og spørsmåla Marianne har nemnt i e-posten på vegne av alle involverte i Hordaland/Bergen.

Det vi skulle ha gjort heilt i starten var å etablere kontakten med UKM lokalkontakt i Bergen. Det er dette kontaktleddet koordinatoren og UKM kontakten i Kristiansand hadde hatt behov for å samarbeide om. Det er på dette nivået det kunne ha blitt utveksla arbeidsplaner og årshjul.

Eg tek sjølvkritikk på at vi ikkje stressa dette meir – nemleg å etablere denne kontakten.

### Bakgrunn:

Målet med storbyprosjektet er å sjå kva tiltak ein kan gjere for å auke informasjonen, og rekruttering av ungdom til UKM i store kommunar.

I søknaden om tilskott står det, og vi ser oppdraget som står i siste lina ikkje er gjort på ein god måte.

*Det er et ønske fra UKM Norge om å ta med en storby til, for å sammenligne undersøkelser og aktiviteter. Klarer vi å få det til, vil UKM Norge legge økonomi i prosjektet. Hordaland fylkeskommune har i disse dager ute et anbud for å kunne lage ny avtale med produsent for sin fylkesmønstring, og har derfor ikke oversikt over økonomi og ressurser pr. dags dato. Bergen/Hordaland har gitt uttrykk for at dette er interessant prosjekt som de vil delta på der det økonomisk lar seg gjøre. De ordinære oppgavene, som kartlegging og markedsføring er likevel noe som må gjøres for begge byene, og kan lett legges inn som aktivitet i prosjektet. Per i dag er dette oppgaver som ligger til kommunekontaktene i byene. Detaljer på videre samarbeid med Bergen blir tatt opp så fort avklaringer med organiseringen er i havn.*

### Kva skjer i Kristiansand:

I Kristiansand har UKM kontakten i kommunen arbeidd veldig tett og nært med ungdommane. Det starta med at kommunemønstringa 2016 vart ein "festival" med workshops og mange fellesaktivitetar. Det er etablert husband med ungdommar, UKM media med ungdommar og ein mentor, UKM band helger, workshops (for 2016 er det teater og film), informasjon på rektormøter, informasjon for nettverk (filmsenter, kulturskole, bydelsledere, kulturorganisasjoner, kunstsenter og liknande), informasjonsturne på skulane, plakater i busser. Relasjonsbygging med ungdom og ungdomsmiljø.



Aktivitetsplan, årsplan/fokusområder er formulert på grunnlag av resultat i undersøkinga til Agderforskning.

I Kristiansand er det koordinator og UKM kommunekontakt som har laga aktivitetsplanen og følger den opp, i samarbeid med ungdommane. Vi har etablert ei arbeidsgruppe som støtter opp om arbeidet, kan gje innspel og vere eit diskusjonsforum. I den gruppa sit Inga Lauvdal (fylkeskontakt), Øyvind Nyvoll (musikkrådet) Tom-Andreas Kristensen (UKM kommunekontakt i Kristiansand) og Gunn-Hilde Erstad (koordinator).

Etter kvar større aktivitet/kurs/kommunemønstring får ungdommane eit evalueringsskjema. Dette gir god peikepinn på om retninga er rett for å nå målet. Det føres logg etter kvart tiltak som blir gjennomført.

### **Forslag til vidare framdrift:**

1. Etablere kontakt med kommunekontakten i Bergen kommune.
2. Koordinator og UKM kommunekontakt i Kristiansand møter kommunekontakten i Bergen. Vidare kontakt mellom kommunekontaktane og koordinator via regelmessige Skype-møter.

Presentasjon av undersøking og at tiltak som er gjort/planlagt i Kristiansand. Utvekslar erfaringar, og blir ein ressurs i planlegging av aktivitetsplan i Bergen kommune.

3. Avklare kva UKM kommunekontakten i Bergen skal loggføre, i samsvar med aktivitetsplan.

4. I budsjettsøknaden er det avsett 10 000 kroner pr. år til tiltak i Bergen eller reise for koordinator til Bergen.

### **Avslutning av prosjektet**

Det er ikkje tenkt å lage eit tungt dokument som avslutning på prosjektet i 2018, men invitere breidt til ein konferanse, der ein mellom anna presenterar prosjekt og resultat. Mogeleg med sterk involvering av ungdommane sjølv.

Høyres dette ut som ein plan?

Helsing

Inga Lauvdal  
rådgjevar